

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Lovheimel:

Forskrifta er heimla i Pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 og i Helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 a.

Kap. I. Virkeområde

§ 1-1. Forskrifta gjeld langtidsopphald i sjukeheim og bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg.

§ 1-2. I tilknytning til opphaldet skal det vere organisert legeteneste, fysioterapiteneste og sjukepleieteneste i samarbeid med andre deler av den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Kap. II. Formål

§ 2-1. Pasient/brukar har rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester dersom det etter ei helse og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasient/brukar nødvendig og forsvarleg helse og omsorgstenester.

§ 2-2. Pasient/brukar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, men som oppfyller kommunen sine vilkår for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim, etter helse og omsorgstenestelova § 3-2 a har rett til vedtak om dette.

Kap III. Vilkår for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns teneste

§ 3-1. Pasient/brukar må ha eit varig og omfattande pleie og omsorgsbehov gjennom heile døgnet. Relevante hjelpetiltak i heimen er utprøvd eller er vurdert og funne utilstrekkeleg for at pasient/brukar kan klare seg sjølv eller ha eit verdig liv.

- Alvorleg somatisk helsesvikt som medfører behov for omfattande medisinsk behandling og pleie
- Demens sjukdom som medfører at pasient/brukar ikkje kan ta vare på seg sjølv, eller ikkje har pårørande som klarer eller kan å ta dette ansvaret
- Lindrande omsorg ved livets slutt

Kap IV. Venteliste

§ 4-1. Pasient/brukar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, men som oppfyller kriteria for tildeling av langtidsopphald etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a vert sett på venteliste.

- Pasient/brukar skal ha vedtak om at han/ho vert sett på venteliste
- Det er ikkje ei nummerert venteliste
- Ved ledig plass vert det gjort prioritering etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-1
- Kommunen vurderer individuelt kven som har størst behov for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande
- Vedtaket har klageadgang etter Pasien- og brukarettigheitslova kap. 7 og etter reglane i forvaltningslova § 28.
- Vedtaket om venteliste tidsavgrensast til 12 veker
- Kontinuerleg vurdering og nytt vedtak innan 12 veker